



Jnr. 1183.13  
GJG/rr

Fiskeri og kystdepartementet  
Postboks 8118 Dep  
0032 Oslo

### **Høringsuttale til NOU 2013:8 Med los på sjøsikkerhet – losordningens omfang, organisering og regelverk**

Haugalandet og Sunnhordland er samla sett ein av landets sterkaste maritime regionar med ein sysselsetting på 18.000 personar og ein omsetnad innan den petromaritime næringa på 43 milliardar kroner. I tillegg har regionen viktige maritime institusjonar som Sjøfartsdirektoratet, Kystverket, Høgskolen Stord/Haugesund, Austevoll. Maritime fagskule, Simsea (maritimt simulatorsenter) og maritim utdanning både på vidaregåande og høgskolenivå. Dette gjer at regionen har ein stor kompetanse og eit sterkt maritimt fagmiljø. Samarbeid mellom ulike aktørar på tvers av bransjar samt evna til å kombinera praktisk kompetanse med akademia har gitt regionen en kompetanse som er unik i verdssamanheng. Dette kjem til uttrykk kvar einaste dag i innovasjonsarbeidet til lokale bedrifter.

Kystverket Vest har tidlegare vist at dei evner å tenka nytt og innovativt, blant anna ved å få tillagt samarbeidet med EMSA, EUs sjøsikkerhetsorganisasjon, for utveksling av fartøyinformasjon for Nord-Atlanteren og Barentshavet.

Utvalets konklusjonar i forhold til sakleg grense for losplikt, farledsbevis og geografisk virkeområde bifalles.

Utvalet sitt forslag til organisering av lostenesta som ei eining innanfor eller utanfor Kystverket vert støtta. Kystverket sitt regionkontor i Haugesund har i dag overordna forvaltningsansvar for den nasjonale lostenesta. I tillegg har region Vest, som er det nasjonale tyngepunktet for lospliktige skip med halvparten av all registrert trafikk, ansvaret for en tredjedel av personalet i den operative lostenesta. Ei samling av den operative lostenesta, slik utvalet føreslår, vert gjort mest kostnadseffektivt ved å legge leiinga av den samla e operative tenesta til Haugesund. Kvitsøy losformidling må utvidast til å omfatta nasjonal losformidling. Trafikkentralstrukturen bør behaldast som i dag.

Sunnhordland, 16. september 2013

Liv Kari Eskeland (s)  
Styreleiar

  
Gro Jensen Gjerde  
Dagleg leiar